

Radar

2014 nr. 2

Kyrkjeblad for Radøy sokn

30.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist J.William Kay
915 91 482

Organist Mette H.Hjelmeland
480 38 504

Dirigent Radøy damekor
Jūraté Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar
Marta G.Hvidsten 909 18 214

Nytt frå dagleg leiar


Sommaren er ei travel tid då alt utvendig vedlikehald skal gjerast. Kyrkja har store eigedomar og bygg og dette krev mykje arbeid. Dette er også ei årstid då mange ferdast på gravplassane. Vi veit at folk set stor pris på at det er velstelt og kyrkjegardsarbeidarane set si ære i å halda det i orden. Vi slår ofte, men det krev ressursar som til tider vert knappe. Etter slåtten kan det liggja gras på planar og gravminne og vi vonar dei som steller gravene har forståing for at dette kan skje.

Gravplassane

Som sikkert mange har sett, har det kome gule lappar på ein del gravminne. Dette er ein del av eit større arbeid med gjennomgang av gravplassane. I år har vi konsentrert oss om Hordabø. Vi vil gjerne koma i kontakt med dei som er festar eller er ansvarleg for desse gravene. Årsaka er at vi ikkje har oppført ansvarleg person i våre register. Det kan vera fleire grunnar til at

Trusopplæring i Radøy

Følg med på www.melagareinplan.no
Her finn du m.a. ei tidslinje for trusopplæringsstiltak i soknet!



registreringa ikkje er på plass, men alle gravminne skal ha ein festar. Nokre av desse gravene er gamle og vi vil gjerne at dei som ferdast på gravplassen gjev melding til oss dersom dei veit kven vi kan kontakta.

Rekneskap 2013

Rekneskapen for 2013 er ferdig frå Nordhordland Revisjon og formelt handsama av soknerådet. Rekneskapen syner eit overskot på kr. 252 714. Vi hadde sett av pengar til å mala Manger kyrkje men grunna sjukdom fekk vi dverre ikkje gjort dette i 2013.

Manger kyrkje



Som sikkert mange har sett har vi sidan mai hatt oppe stillas på tårnet. Det er Birger Bruksås frå Sæbø som hatt arbeidet og han har no snart malt alle kyrkjene på Radøy. Birger er ein stødig arbeidsmann som gjer eit framifrå arbeid og som ser etter litt meir enn manglante maling når han er på bygget.

Elles må vi gje honnør til Åmund Låstad og Kåre Færøy for stor handlekraft og hurtig arbeid. Under maling av tårnet vart det oppdaga at figurane som står på toppen av spira på tårnet var rotne. Åmund Låstad har treverkstad og har dreia nye figurar i eik på rekordtid. Vi vonar at dei no står like lenge som kyrkja.

Sommaropningstider på kyrkjekontoret

Mellan 23. juni og 17. august er kyrkjekontoret opent mandag, tysdag og torsdag kl 10.00 til 14.00.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*

Universell utforming av kyrkjene


Kyrkjene i Radøy vart bygde i ei tid då det var uaktuelt at dei skulle vera lett tilgjengelege for rullestolbrukarar. Det fanst ikkje mange rullestolar på den tida, og det var andre omsyn som talde mest.

Seinare har ein funne løysningar som har gjort kyrkjene tilgjengelege, men ikkje på fullt ut tilfredsstillande vis. I Manger og Hordabø kyrkje er rullestolinngangen framme, og det gjer tilgangen vanskeleg t.d. under konsertar og gravferder.

Difor har Radøy sokneråd sett ned ei arbeidsgruppe som skal finna gode løysningar slik at det vert lettare for m. a. barnevogner og rullestolar og koma inn i kyrkjene. I arbeidsgruppa sit Ludvig Grindheim, Simon Grandahl, Gudrun Rikstad, og underteikna. Arkitekt Mette Kyed Thorson har laga alternative framlegg både for inngangspartiet og for kordøra. Framlegga skal no vurderast av arbeidsgruppa og av konsulent Ove Morten Berge i Kyrkjerådet før det vert oversendt Radøy sokneråd for avgjerde.

Det er gledeleg at dette arbeidet er i gang no slik at desse gode og viktige bygningane våre vert enda betre tilgjengelege.

Anna Hella Kartveit



Forslag til korleis universell utforming kan utbetraast i Sæbø kyrkje.

BARNAS -SIDE



Fargelegg



Fargelegg Jesus
som fer opp til
himlen!



Finn fem feil

Dei to bileta av Jesus som syner seg for læresveinana etter oppstoda er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Franfou



An advertisement for 'BARNAS' magazine. The title 'BARNAS.' is at the top in large, stylized red letters. Below it, the text '14 blader + DVD + CD = berre 365,- NOK' is displayed. A goldfish illustration is on the left. To the right is a collage of various magazine covers and a DVD/CD case.



Min salme

“Deg være ære, Herre over dødens makt.” Dette er starten på en av Salmebokens fineste sanger. Det er også et av de kraftigste setningene mulig å skrive. **Herre over døden, sjef, verdenshersker, konge!** Sangen ble skrevet i 1885 av sveitseren **Edmond Louis Budry**, som var prest og samleskriver. Han har også oversatt mange engelske og latinske salmer til fransk.

Evig skal døden være Kristus underlagt. Den ultimative bekreftelse på at døden har tapt i kampen mot Den Gode. Det er en vakker tekst som gir den som lytter en visshet og trygghet i Jesus Kristus, Guds sønn, i gode dager, men også i dagene hvor det å være kristen ikke er så lett. Sangen er en i korte trekk en fortelling om hva som skjedde etter korsfestelsen og helt fram til pinsen.



Det finnes mange ulike varianter av denne sangen, men den versjonen som gjorde at dette ble min favorittsalme må være på grunn av gruppen Impuls som synger salmen i lag med elgitar og trommer, høy lyd og alt annet ungdommen liker. En god tekst, et perfekt vitnesbyrd!

David Pletten Aasgard, leder for Radøy KrF og kommunestyrerepresentant.

“*Deg være ære “*
(fransk originaltittel: Å toi la gloire) er en salme skrevet av sveitseren Edmond Louis Budry i 1885. Den ble oversatt til norsk av Arne Fjelberg i 1947.

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

*(Omkved) Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.*

Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!

Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.

Søndagsskule med Gudsrikeleiken



Der Guds folk budde hadde det slutta å regna. Avlingene fekk ikkje vatn og kunne ikkje vekse. Det var ikkje nok korn å male til mjøl og bake brød av. Alle var svoltne, og borna gråt seg i søvn. Så foreldra bestemte seg for å reisa til eit anna land, der det var mat å få. Dei var tvinga til å dra, sjølv om dei måtte krysse ørkenen. Reisen deira tok til...



Til hausten startar vi opp att med Gudsrikeleiken. Vi byrjar med våre heilage forteljingar om skapinga, om den store flaumen og arka, om Abraham og Sara osv. Dei aller fleste av oss kjenner godt til desse forteljingane. Det er viktig at dei vert fortalte vidare til neste generasjon. Forteljingane er vår felles arv og skaper vår felles identitet. Søndagsskulesemesteret vert avslutta med juleverkstad den 6.desember.

Gudsrikeleiken er ein kreativ måte å invitere born til å oppleva bibelske historiar på, og til å vera ein del av forteljinga. I Gudsrikeleiken leikar vi med matriell og språk om Gud og hans folk: Våre heilage forteljingar, likningar, liturgiske handlingar og stillheit. Gjennom dette sterke språket, gjennom vår undring og felleskapet mellom dei som leikar saman, hører vi invitasjonen frå Gud sjølv - til å koma å leika med Han.



**Sæbø barnekor startar opp med
øvingar onsdagar etter sommarferien.
Kontakt Silje Kristin Ellingsen for meir
informasjon!**

Willem Vogelaar

Plan for søndagsskulen

17. august	Skapinga	
31. august	Noahs ark	
14. september	-	4-årsbok
28. september	Den store familie	Hausttakkefest
19. oktober	Reisen frå Egypt	
2. november	Dei ti beste levereglane	
16. november	Bortført og heimvend	
6. desember	Adventsforteljing	Juleverkstad



Jeg skulle ønske å kunne gi hver eneste frivillig og bøssebærer en klem. 40-år med TV-aksjonen sier noe veldig fint om nordmenn og det skal feires, sier TV-aksjonsleder Kari Bucher.

Etter en knallstart i 1974 har TV-aksjonen blitt en folkekjær tradisjon. 100 000 går med bøsse fra dør til dør for å besøke de 2,2 millioner hjem i hver by og bygd, fjelltopp, fjord og dalføre. Syv milliarder til hjelp for mange millioner av mennesker er blitt samlet inn.

- Størrelse og effekten av TV-aksjonsresultatene er enorme. Men det hadde vært umulig å oppnå uten det engasjementet hele bredden og dybden av Norges befolkning og norsk samfunnsliv viser i den store dugnaden, sier Bucher.

Høstens helter: bøssebærere og frivillige

I 1978 organiserte Brynjulf Loen, TV-aksjonsleder i Sogn og Fjordane, innsamlingen i sitt fylke i kommunekomiteer. Dette ble så vellykket at den ennå er organisert i 500 kommune- og bydelskomiteer.

- Bøssebærerne og de frivillige, med ordføreren i spissen, er våre helter. Med deres deltagelse og engasjement blir det mulig for 70-80 prosent av Norges befolkning å delta i TV-aksjonen ved å gi penger, sier Bucher.

Gammel tradisjon og nytt engasjement

- Jeg møter flere som har “arvet” vervet og engasjementet fra sine foreldre. Nå er det også mange jeg møter som er kommet til Norge for få år siden, men like fullt engasjerer seg for dugnad og fellesskap gjennom TV-aksjonen, forteller Bucher.

Nå står den åtte timers sendingen som en populær bauta sammen med det lokale engasjementet og innsamlingen. Vaffelsteking og basarer skjer side om side med engasjement på facebook og billedkonkurranser på Instagram.

TV-aksjonen er blitt en tradisjon hvor kjernen er så sterk at man kan våge å fornye seg. Fordi alle skal få være med vil vi selvfølgelig også ta inn alle som vil involvere seg og alle de måtene de vil engasjere seg på, sier Bucher.

Vi utgjør en forskjell og det nytter

I år handler det om noe av det mest fundamentale for liv og utvikling. I år skal én million mennesker få tilgang til rent vann som gir et letttere liv og en lysere fremtid.

Det er flott at årets tema er så fundamentalt som tilgang til vann, forutsetningen for alt liv. Det er klart at vannmangel kan bli et problem, men nå dreier deg seg om fordelingen av tilgang. Som i så mange av TV-aksjonens temaer kan hver og en av dere gjøre en forskjell, avslutter Bucher; men må fortsette:

Kirkens Nødhjelp har, sammen med andre organisasjoner, arbeidet for å skaffe vanntilgang i mange år. Det gjør en forskjell: i 2009 døde et barn hvert 15. sekund av vannrelaterte sykdommer, i 2013 var dette utvidet til hvert 21. sekund. Disse seks sekundene sparer livet til 1656 barn hver dag, avslutter Bucher.



Friluftsgudsteneste i Tjorehagen

Søndag 1.juni var vel 55 personar samla til friluftsgudsteneste i vakre Tjorehagen. Manger Old Star stilte som vanleg med blåsegruppe, medan Kjell Sekkingstad og Sigfred Lunde tok seg av det liturgiske.



23 år med kyrkjebasar



■ Den 25.mai arrangerte Sæbø kyrkjeforeining basar. Leiar Marie Fjellsende kan fortelja at dette er det 23.året at dei har hatt basar.

Denne søndagen har dei fire trufaste damene i foreininga lagd ned mykje arbeid for å samla inn pengar til Sæbø kyrkje, og Gudrun Storheim, Magnhild Askeland, Åshild Storheim

og Marie Fjellsende er godt nøgde med resultatet: kr 75000 til nye kyrkjekstilar.

Kunstnar Åse Eriksen er allereie i gong med å laga klede både til prekestol og lesepult, i alle kyrjeårets fargar. Den fyrste, lilla, skal vera klar til 1.sundag i adventstida.

Foreininga har i tillegg gjeve kr 15000 til nye salmebøker i kyrkja. Brannsikker skap til oppbevaring av sølv er òg på plass, takka vera foreininga. "Når tekstilane er komne på plass, så er neste prosjekt å skaffa raud messekakel," fortel Marie Fjellsende.

På basaren delte dei også ut ei gåve til Sæbø barnekor, som deltok med fleire songinnslag.

Soknerådet vil retta ein stor takk til Sæbø kyrkjeforeining for arbeidet dei gjer for kyrkja!

Silje Kristin Ellingsen



Orgelkonsertar i Manger kyrkje

Søndag 10.august kl 1930 - William Kay (Rødøy / England)

Søndag 17.august kl 1930 - Dorothee Raschwitz (Lillesand / Tyskland)

Søndag 24.august kl 1930 - John S. Beech (Porsgrunn / England)

Trekningsliste

Dåpskjole	Kari Fristad Askvoll
Fiskegarn	Torill og Olaf Villanger
Hardangersaumsduk	Solveig Soldal
Jentesykkel	Kjellaug Flaktveit
Damekofte	Anna Bjørg Tjore
Bilete 80x80	Randi Laupsa
Kjøkkensett m/hylle	Ronja Henriksson Askeland
Vaffeljern dobbelt	Tor Jonny Storheim
Sengesett	Britt og Mikal Vaktskjold
Lampe	Anne Lise Thomassen
Dokkevogn m/dokke og klær	Kirsten Vestrheim Hella
Dyne & pute	Ingvald Toft
Seleskjørt m/gensar	Kristoffer Oen Lunde
Gensar	Vigdis Gridheim Rørlien
Hagebord m/3 stolar	Tone Lygre Storheim
Gåvekort kr 500	Jenny Kristine Hole
Kakesett m/duk	Solrunn Kjerstad Asgard
Hardangersaumsduk	Bjørg Ingrid Vågenes
Kaffisett	Adrian på Stadla
Gensar	Maren Kolås

Panne	Ida Bergitte Fjeld Trasti
Kaffiduk	Lukas Sebastian Grandahl
Hardangersaumsløpar	Magnar Solheim
Babysett m/teppe	Elise Storheim
Hekla løpar	Nikolai Askeland Borge
Tunika m/sokkar	Håvard Askeland
Knivsett	Åshild Storheim
Løpar	Bjarte Taule
Gensar	Inge Mangersnes
Handmiksar	Ingunn F. Valdersnes
Firkanta juleduk m/ krybbe	Odd Matre
Thermobag	Max v/Borgny Tjore
Juleløpar	Audun Sylta
Lyslykt	Kirsten og Einar Hageseter
Fanasett m/gensar, bukse og votter	Kari Fristad
Pannekakejern	Sigrun Floen
2 pynteputer	Kari Fristad
Gensar	Gunnvor Seilfaldet
Sengeteppe	Fam.Oddbjørn Tveiten
Pizzastein	Ingfrid Askeland
Pledd	Steffen Lie
Kvulta løpar	Kirsten Vetås

Familienytt



Døypte

- 06.04.2014 Erik Hellesund Espenes
27.04.2014 Amalie Gran Fredriksen
25.05.2014 Oskar Sylta Soltveit
25.05.2014 Balder Vikøren Monssen
08.06.2014 Simon Marøy
08.06.2014 Julian Lygren

Vigde

- 24.05.2014 Nina Kallekleiv og
Audun Gjerde
31.05.2014 Torill Myrtveit og
Torbjørn Fjeld



Døde

- 10.04.2014 Marit Myking
13.05.2014 Ninna Rikstad
23.05.2014 Martha Nathalie Andersen

(Alle datoar er seremonidatoar.)



[facebook.com/
radoysokn](http://facebook.com/radoysokn)



[twitter.com/
radoysokn](http://twitter.com/radoysokn)

KAFFEKROKEN




Innkomne offer



Dag	Offermål	Kr
16.03 2.sundag i fastetida	Familie og medier	3441,00
23.03 Maria bodskapsdag	Amathea	2543,00
30.03 3.sundag i fastetida	Den Norske Israelsmisjonen	2368,00
06.04 4.sundag i fastetida	Misjon uten grenser	1071,00
13.04 Palmesundag	Himalpartnar	1984,00
17.04 Skjærtorsdag	Stiftelsen Kirkens Familievern	2359,00
20.04 Påskedag	KFUK-KFUM	2315,00
27.04 2.sundag i påsketida	KFUK-KFUM	3996,00
03.05 Laurdag	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2104,00
04.05 3.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	3235,00
10.05 Laurdag	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2179,00
10.05 Laurdag	Trusopplæring i Radøy	3665,00
11.05 4.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	3046,00
17.05 Grunnlovsdagen	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	8930,00
17.05 Grunnlovsdagen	Crihana Veche-aksjonen	2651,00
25.05 6.sundag i påsketida	Ung Kirkesang	1297,00
29.05 Helgetorsdag	Trusopplæring i Radøy	2294,00
01.06 Sundag før pinse	Trusopplæring i Radøy	2425,00


	Denne perioden	Hittil i 2014
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	4283,00	4283,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	14665,00	16230,00
Offer til særskilte prosjekt i soknet (orgel, stolar):	0,00	0,00
Offer til andre organisasjoner:	32995,00	55413,00



Vil du gje tid til menneske som treng nokon å snakke med?

Velkomen som medarbeidar på Kirkens SOS! Du kan gjere ein forskjell for menneske som har det vanskeleg, og samtidig oppleve personleg utvikling.

Kirkens SOS er Norges største døgnåpne kriseteneste, tilgjengeleg på telefon og internett. Du får innføringskurs, vegleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Innføringskurs tek til i Bergen 29. september. Interessert? Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin på 55325845 eller bjorgin@kirkens-sos.no



Vi er mennesker med lang erfaring i å lytte til og støtte andre. Du når oss dagnet rundt på 815 33 300, og du trenger ikke presentere deg. Passer det bedre å skrive en melding, gjør du det på kirkens-sos.no. Vi skriver tilbake. **Vi er her. Alltid.**

**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



KVALHEIM EIENDOM AS

Idrettsvegen 7 5936 Manger

Tlf: 56374073

kval.vws@frisurf.no

**Frantzen's
Gartneri**

BLOMSTERFORRETNING

Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60

www.fiskennett.no

Nordhordland Begravelsesbyrå as

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug

Idrettsvegen 1, 5936 Manger

Tlf. 56 37 14 10

Gravferdsbyrå for heile Nordhordland

post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

Vatne

Begravelsesbyrå

Kvassnesveien 11 - 5914 Ildalstø

Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon



**MTI
IT SERVICE**



ACCOUNTOR GROUP

Tlf 56 35 55 80

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES
ELEKTRO AS**

Elinstallatør - Lampebutikk

Tlf 56 34 96 20

 SparebankenVest

REMA 1000

bare lave priser

Manger Senter

07-23 (09-21) 5637 2255

Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS

815 33 300

www.kirkens-sos.no



Terkeloftet As
Blomster & interiør

Manger Senter
Tlf: 56174020
terkeloftet@gmail.com

Vi hjelper deg med blomster til alle
anledninger.

Smiths

møte- og selskapslokale

Manger— Ring 56 37 31 11

leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPENØR
Rune Ulvatn AS**

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60


Vel møtt i kyrkja!

Sjå også nettsidene våre og følg oss på Facebook!

“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den nærmaste kyrkja, men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”

Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.

søndag 6. juli	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Utvandringsfestival.
søndag 13. juli	1900	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 20. juli	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 27. juli	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 3. august	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 10. august	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 10. august	1930	Manger kyrkje. Orgelkonsert ved J.William Kay.
søndag 17. august	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 17. august	1930	Manger kyrkje. Orgelkonsert ved Dorothee Raschwitz.
søndag 24. august	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 24. august	1930	Manger kyrkje. Orgelkonsert ved John Beech.
søndag 31. august	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Oppstart søndagsskule.
søndag 7. september	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.
søndag 14. september	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok.
søndag 21. september	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok.
søndag 21. september	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok.
søndag 28. september	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Hausttakkefest.



Konsert med koret “Aukurus” frå Litauen

Tysdag 15.juli kl 1900

er det høye til å høyre eitt av Litauens fremste kor i Manger kyrkje.
Konserten er gratis, men det vert teke opp ein kollekt ved utgangen til
dekking av utgifter.

Oppdatert informasjon om gudstenester og andre arrangement finn du på våre nettsider & facebook.

Redaksjon: Ludvig Grindheim, Elin Klausen, Silje Kristin Ellingsen

Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radloysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Framsidefoto: Anne Kolstad Morken • Bilete: Silje Kristin Ellingsen, Audun Sylta, Vilhelm Viksøy, Willem Vogelaar



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

